



FRÆNA KOMMUNE

Landbrukskontoret
6440 ELNESVÅGEN

Vår sakshandsamar - innvalstelefon
ROALD ØYGARD 71 26 81 26
Dykkar ref.:

Vår dato:
24.07.97

Rådmannen
Her

1873

25.07.97


M10

PERLEMUSSLINGAR I HUSTADVASSDRAGET.

Syner til forespurnad om perlemusslingar i Hustadvassdraget.

22.07.97 gjekk Langset og underskrivne langs Støtteelva frå Langvatnet og ned til Frelsvatnet. Øvst oppe med Langvatnet fann vi ingen muslingar, men omlag 100 m nedom den gamle brua var det enkelte muslingar. Til lenger ned vi kom til fleire muslingar såg vi. Det var først då vi kom nedom brua på riksvegen at det verkeleg var mange. Stadvis var der svært mange muslingar og av varierende storleik. Der var mange på storleik som eit fullvakse blåskjell. Det er vanskeleg å annslå tal. Likevel vil eg tru det kunne vera bortimot 50 pr løpemeter elv nokre stader. Vi såg berre nokre få tome skjell. Stort sett var alle levande. (Skjella stod litt opne, men lukka seg straks vi kom borti dei). Vi sjekka også tre punkt i Hustad-elva nedom Frelsvatnet. Første plassen var på Roald Farstad sin teig ca 100 m nedstrøms frå Frelsvatnet. Der var det mange store skjell. Vi tok ein sjekk også ca 1,5 km nedstrøms frå Frelsvatnet. Der fann vi store mengder med muslingar av varierende storleik. Vi såg ikkje anna enn at alle var i live og til synelatande hadde det bra. Vi var også ned i elva i nedkant av fellesbeita, men der såg vi ingen. Ved eit seinare høve vil vi sjå nærare etter om muslingane kan ha ettablert seg der elva vart senka.

Årsaka til at det var få muslingar nær opp til Langvatnet kan ha fleire årsaker. Mest nærliggande er det å tru at dei har vorte nedgravne av dei store massane med sand som har avleira seg i elva. Det var tydeleg å sjå at desse avleiringane er av nyare dato. Truleg berre nokre år gamle, ja, kanskje frå sist vinter.


Roald Øygard
J.sjef